


VARSEL OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID


I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8 varslast oppstart av privat planarbeid for utarbeiding av:

Detaljreguleringsplan for gnr. 70 bnr. 0014 mfl. Gauksheimvika. Naust- og fritidsbustadområde

PlanID: 20240008



Figur 1: oversiktskart - viser planområdets plassering



Figur 2: Kart med avmerka planavgrensning.

Forslagsstillar og plankonsulent

Planarbeidet blir utført av SE-arkitektur på vegne av forslagsstillar Kjell Gauksheim.

Planområde

Planområdet har ein storleik på ca. 290 daa. Eigedomane i planområdet er følgjande: gnr. 70/ bnr: 1,3-7,9,11,13-15,17,18,21,22,24-27,29-37,39-62,64-68, 70-88.

Planstatus

Planområde inneheld i dag hovudsakeleg område som er avsett til fritidsbustad og LNF(r), i tillegg er områda i vika avsett til føremåla: hamn, naust, småbåthamn, molo/kai og rorbuer i gjeldande KPA.

Føremålet med planen

Føremålet med planen er å legge til rette for framtidig utvikling av Gauksheim med ei utviding av eksisterande småbåthamn, naust og fritidsbustader, samt utbetring av køyreveg og parkering.

Det er på noverande tidspunkt foreslått 13 nye fritidsbustadeiningar i heile planområdet. I strandsona er det planlagt kaianlegg med 8 nye naust og tilhøyrande anlegg til småbåthamn. Det blir òg planlagt utbetring av dei kaiane som allereie finns på Storaskjeret, i tillegg til etablering av nytt småbåtanlegg.

Tiltenkt vegtilkomst

Forbetring av parkering og tilkomstvegar vil bli vurdert i heile området, då dagens situasjon er noko anstrengt. Det vil blant anna bli vurdert ny hovudtilkomstveg for å minke trafikken gjennom vika. Avkøyring frå fylkesveg nordaust i området ned til det regulerte hytteområdet lengst sør i planområdet.

Vurdering av naturmangfaldlova §§ 8-12

Ved planlegging og gjennomføring av tiltak i kystlandskapet Gauksheim er det ønskeleg å byggje på tilstrekkeleg kunnskap, bruke føre-var-prinsippet ved usikkerheit, og vurdere påverknad i lys av økosystemet si samla belastning. Dette særleg med omsyn til strandsona og observasjonar av raudlista fugleartar. Miljøforsvarlege metodar vurderast i tråd med naturmangfaldlova §§ 8–12, og det blir gjennomført ein eigen rapport for naturmangfald og landskap.

Aktuelle problemstillingar

Følgande problemstillingar er vurdert som aktuelle, og gjev grunnlag for ekstra omsyn i planarbeidet:

- Føremål i strandsona.
- Tiltak som ikkje er i tråd med overordna KPA, der fritidsbustader, tilkomstveg og naust er planlagt i område som er sett til LNF i KPA.
- Tiltak i nærleiken av kulturminne «treet», steingardar, rydningsrøyser eller andre eldre bygningar og kulturminne.
- Auka årsdøgntrafikk som følgje av utbygging

Konsekvensutredning og andre utgreiingar

Det er vurdert av plan- og byggesaksavdelinga i Austevoll Kommune at det ikkje skal vere naudsynt med ein omfattande konsekvensutgreiing, men ein rapport for naturmangfald og landskap, at endring av formål av planområdet ikkje er omfattande og at planforslaget kan også gjere bytte av formål der fritidsbustadområde kan gjerast om til naturområde i gjeldande kommuneplanen sin arealdel i planforslaget.

Planforslaget si påverknad på kulturminne og naturmangfald vil få ei grundig vurdering i den vidare prosessen. Kulturminnemyndigheita blir kontakta når det gjeld tiltak som er planlagt i nærleiken av kulturminne.

Dokumenter til planarbeidet

Dokumenter tilknytt planarbeidet er tilgjengeleg på Austevoll kommune si heimeside og på servicekontor: kommunehuset 5392, Storebø eller på vår heimeside: <https://se-arkitektur.no/aktuelt/nabovarslinger-og-kunngjoringer/>

Merknader til varsel om oppstart

Det er ønskeleg med medverking og samarbeid i planprosessen. Innspel eller merknader til planarbeidet kan sendes skriftleg eller digitalt til:

- E-post: **plan@se-arkitektur.no**
- Post: **Bekkjarvik 74, 5397 Bekkjarvik**

Alle innkomne merknader og innspel til oppstartsvarselet blir sendt til Austevoll kommune saman med planforslaget.

Frist for merknader er satt til: 02.04.2026.

For meir informasjon om planarbeidet, ver vennleg å ta kontakt med SE-arkitektur ved Nora Håskjold, på e-post: plan@se-arkitektur.no.

Med vennleg helsing
Nora Håskjold

se arkitektur